



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon
Senioringeniør Lars Kringstad, 71 25 84 50

Vår dato
26.08.2013
Dykkar dato
05.06.2013

Vår ref.
2013/3782/LAKR/561
Dykkar ref.

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Halsa kommune - Stokkelva kraftverk sus - bygging av Stokkelva kraftverk. Fråsegn til konsesjonssøknad.

Bakgrunn

- Stokkelva kraftverk sus vil utnytte fallet i Stokkelva frå kotehøgde 141 ned til eit kraftverk på kote 3.
- Maksimal slukeevne er på 650 l/s. Dette er om lag 240 % av middelvassføringa, som er oppgitt til 270 l/s. Minimum slukeevne er på 30 l/s og alminneleg lågvassføring er rekna til 18 l/s.
- Det er føresett minstevassføring på 18 l/s.
- Vassvegen blir om lag 1300 m og røyret skal gravast ned på heile strekninga.
- Til kraftstasjonen blir det opprusta ein traktorveg på 60 m. Til inntaksdammen blir det bygt ny veg på om lag 100 m.
- Det er rekna med ein midlare årsproduksjon på ca. 1,8 GWh med installert effekt på 0.66 MW.

Vurdering

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Biologisk mangfald

Etter miljørapporten er kunnskapen om det biologiske mangfaldet i området frå før avgrensa. Dette er sikkert rett, men vi saknar informasjon om kva som er gjort for å sjekke ut eventuelle eksisterande data som til dømes Artskart og Naturbase.

Vi er usikker på om DN-handbok 13 om kartlegging av biologisk mangfald er brukt i tilstrekkeleg grad sjølv om det er konkludert med at det ikkje er registrert spesielt verdfulle naturtypar i området. Det er informert om gråorskog i utbyggingsområdet. Til dette vil vi merke at alle naturtypane som er omtala i DN-handbok 13 er med i boka på grunn av at dei er spesielt viktige for det biologiske mangfaldet. Ein av naturtypane er gråor-heggeskog med tilhøyrande utformingar. Vi saknar såleis ei fagleg vurdering om kvifor den registrerte gråorskogen ikkje er avgrensa og omtala ut frå kriteria i direktoratet si kartleggingsbok. Vi har elles merka oss at elveløpet mellom inntaksdammen og E39 har eit elveleie som er dominert av djupe kløfter og fleire fossefall. Til dette vil vi merke at vi saknar ei naturfagleg vurdering om naturtypane fossesprøytsone og bekkekløft kan vere aktuelle. Generelt bør

eventuelle naturtyper som er viktige for det biologiske mangfaldet i eit utbyggingsområde visast på eit kart slik at ein kan sjå storleiken og avgrensinga i samanheng med vassdraget.

Det er opplyst at konsulenten ikkje fann raudlisteartar under synfaringa i vassdraget. Det kjem fram at korkje berggrunn eller klima tyder på at området er av interesse. Kunnskap om sjeldne artar er eit krevjande fagfelt. Det er fleire andre og vel så viktige faktorar som spelar inn i ei vurdering om potensiale for raudlisteartar som til dømes kontinuitetsskog med gamle tre og leger uavhengig av både berggrunn og klima. Stokkar av grove dimensjonar som ligg i og ved eit vassdrag i lang tid er eit anna døme på leveområde for sjeldne artar.

Etter vår vurdering må det reisast tvil til om kunnskapsgrunnlaget er godt nok til at det kan gjerast eit vedtak i saka. Jf. i den samanheng § 8 (kunnskapsgrunnlaget) i naturmangfaldlova og «føre-var-prinsippet» i § 9 i lova. Vi vil difor rå til at det blir utført ei tilleggsutgreiing om det biologiske mangfaldet.

Fisk

Når det gjeld anadrom fisk har ikkje Fylkesmannen kjennskap til Stokkelva ut over det som er omtalt i søknaden. Det kan tyde på at sjøaure kan gå opp til kulverten under E 39. Kor lang naturleg anadrom strekning kan vere er ikkje opplyst. Etter det vi kjenner til arbeider Statens vegvesen med eit kartleggingsprosjekt for å få oversikt over vassdrag der vegar dannar stengsel for oppvandring av fisk. Det er eit prioritert mål for forvaltninga på sikt å få opna opp slike barrierar.

Kunnskapsgrunnlaget for fisk er dårleg. Det ville vore ønskjeleg at naturleg anadrom strekning vart avgrensa og at strekninga nedstraums E 39 vart el-fiska for å avklare status for sjøauren. Likeins bør ein avklare om ål (som er raudlista og kritisk truga (CR)) går opp i dette vassdraget.

Forureining

Vi kan ikkje sjå at utbygginga vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt behandling etter forureiningslova.

Landbruk

Kraftstasjonen skal plasserast på gnr120 bnr1, eit lite stykke nedanom hovudvegen. Det er antatt at 1-2 dekar med fulldyrka mark vil bli omdisponert, av ein elles 19 dekar stor teig.

Frå hovudvegen og ned til kraftstasjonen er det ein skogkrull. For å unngå at dyrkamarka vert omdisponert, må det vurderast om tilkomstvegen kan leggjast i kanten av skogkrullen i staden for i kanten av dyrkamarka. Likeins må det vurderast om kraftstasjonen kan trekkjast heilt eller delvis opp i skogkrullen. Dette representerer ei lita justering austover, som vil redusere tapet av dyrka mark, kanskje også eliminere det.

Konklusjon

Fylkesmannen viser til merknadene over og rår til at det blir utført ei tilleggsutgreiing om biologisk mangfald og fisk, slik at kunnskapsgrunnlaget blir godt nok til at det kan gjerast vedtak i saka.

Fylkesmannen ber om at ein vurderer ei justering av tilkomstvegen til kraftstasjonen slik at ein i størst mogleg grad tar omsyn til dyrka mark.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar

Lars Kringstad
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Fagsaksbehandlarar

Biologisk mangfald: Kjell Lyse, tlf. 71 25 84 26
Landbruk: Kristin Eide, tlf. 71 25 81 35

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde
Statens vegvesen Region midt	Fylkeshuset	6404	Molde
Halsa kommune		6683	Vågland